

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	18.04.2024
Vår referanse	2024/9449-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om planendring og utsett byggjefrist for Muggåselvi Kraftverk i Voss Herad

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Med omsyn til friluftsliv rår vi frå at inntaket flyttast oppstraums som omsøkt. Vi har ikkje merknadar til dei andre omsøkte endringane inkludert alternativ inntaksplassering på kote 368. Det bør gjerast ei revidert vurdering av kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv før ev. forlenga byggjefrist.

Flyttinga av inntaket oppstraums frå kote 380 til kote 510 vil medføre at inntaket blir plassert inne i eit område som er kartlagt som svært viktig friluftsområde. Dette er eit område som per i dag er urørd og utan tilrettelegging, utan veg eller anna infrastruktur. Desse områda er svært viktig å bevare av omsyn til landskapsoppleving, turoppleving, naturmangfald, friluftsliv og folkehelse. Konsesjon vart gitt i 2019, og det er usikkert om kartleggingane for friluftsområde låg til grunn for vurderingane på det tidspunktet, då desse vart utført i 2018. Dei bør uansett vege tungt mot ei utbygging inn i dette området. Vassføringa i elva er ein vesentleg del av friluftsoopplevinga i dette området, då stien går langs med elva på begge sider.

Me har ikkje fått ny kunnskap om nye kulturminneverdiar i området. Dei endringane som ligg føre i planane kjem så langt me kan sjå ikkje i konflikt med kjente kulturminne.

Regionale planar for fornybar energi, klima og vassforvalting i Vestland er vedtekne sidan det vart gjeve konsesjon. Det er viktig at søkjar og energimynde er oppdaterte på planane.

Bakgrunn

NVE har sendt søknad om planendring forlenga byggjefrist for Muggåselvi Kraftverki Voss herad på høyring. Muggåselva kraft AS har sendt søknaden til NVE for vurdering. Konsesjonen til kraftverket vart først gjeve i 2019.

Tiltakshavar søker planendring då det vil gje betre økonomi i prosjektet. Dei vurderer endringa som naudsynt for å kunne realisere ei utbygging av Muggåselvi.

Skildring av tiltaket og planendring

Muggåselva kraft AS har konsesjon til å byggja Muggåselvi kraftverk med inntak på kote 380 og utløp på kote 25.

Det er no søkt om følgjande endringar frå konsesjonsgjeve løysing:


- Flytta plasseringa av inntak opp til kote 510, med ny og forlenga vassveg i grøft.
- Auka effekten frå 2,6 MW til 3,5 MW
- endre plasseringa av kraftstasjonen frå kote 25 til 30.

- endre trase forretningsstyrt boring, med justerte koter for påhøgg og utslag.
- mindre justering av konsesjonsgitt røyrtrase oppstrøms/nedstrøms borreparsellen




Figur 1: Kartutsnitt som viser gammel og ny plasseringa av inntak i Muggåselvi (klippa frå planendringssøknad)

Ny omsøkt plassering av inntaket er lengre opp i dalen og gjev om lag 520 meter lengre røyrgate.



Figur 2: Kartutsnitt som viser omsøkt ny plassering av inntak med ny røyrgate (blå). Konsesjonsgjeve plassering er vist i magenta (henta frå planendringssøknad).

Konsesjonsgjeve inntak nyttar ikkje vassføringa i elva godt sidan elvelaupet er delt her. Søkjar har difor lagt ved ei alternativ plassering i søknaden vist i figur 3, som dei ynskjer viss dei ikkje får løyve til å flytta inntaket til kote 510.



Figur 3: Kartutsnitt som viser konsesjonsgjeve plassering av inntaket i magenta, omsøkt ny røyrgate i blå og ei alternativ plassering av inntaket på kote 368 (svart strek merka 7) med tilhøyrande raud røyrgate.

Fornybar energi

Regional plan for fornybar energi 2023-2035, for Vestland, er nyleg vedteke og legg føringar for korleis kraftsystemet i Vestland skal utviklast. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vidare seier delmål 1 i planen at vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar. Retningslinje 7 i fornybarplanen

seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser.

Hordaland fylkeskommune var positive til tiltaket ved opphøvelag konsesjonssøknad då prosjektet passa godt inn i Hordaland fylkeskommune sine mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar. Denne planendringssøknaden har nokre element som gjev mindre arealkonfliktar og nokre som gjev meir arealkonflikt. Samla sett gjev omsøkt endring auka arealkonflikt.

Næring

Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. I tillegg bidreg meir rein energiproduksjon ut på kraftnettet i Vestland til lågare kraftprisar.

Klima

Regional plan for klima 2022-2035, for Vestland, er vedteke sidan konsesjonen vart gjeve. Planen legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klimarobust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Kulturminne og kulturmiljø

Arealplan har vurdert endringar i plan for Muggåselvi kraftverk. Me har ikkje fått ny kunnskap om nye kulturminneverdiar i området. Dei endringane som ligg føre i planane kjem så langt me kan sjå ikkje i konflikt med kjente kulturminne. Kulturminnevernet har slik ikkje merknader til omsøkte endringar og utsett frist.

Fysisk aktivitet og inkludering

Retningsline 32 seier at ein skal vise varsemd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Flyttinga av inntaket oppstraums frå kote 380 til kote 510 vil medføre at inntaket blir plassert inne i eit område som er kartlagt som **svært viktig friluftsområde**. Dette er eit område som per i dag er urørd og utan tilrettelegging, utan veg eller anna infrastruktur. Desse områda er svært viktig å bevare av omsyn til landskapsoppleving, turoppleving, naturmangfald, friluftsliv og folkehelse.

Konsesjon vart gitt i 2019, og det er usikkert om kartleggingane for friluftsområde låg til grunn for vurderingane på det tidspunktet, då desse vart utført i 2018. Dei bør uansett vege tungt mot ei utbygging inn i dette området. Vassføring i elv er ein vesentleg del av friluftsoopplevinga i dette området, då stien går langs med elva på begge sider og opp til eit eldre stølsområde, som òg gir eit viktig bidrag til friluftsoopplevinga. Denne totalopplevinga er noko av det som gjer området så stor verdi per i dag. Ved å bygge veg og inntaksanlegg inne i området, samt redusere vassføringa i ein mykje lengre del av elveløpet enn det som ligg i konsesjonen i dag, vil ein sterkt redusere desse kvalitetane.

Deler av det kartlagde svært viktige friluftsområdet overlappar med eit større INON-område, sone 2. Dette området vil og bli redusert dersom ein endrar planen som omsøkt og flytter plasseringa av inntaket. Inngrepsfrie naturområde er ein av åtte miljøindikatorar til nasjonalt miljømål 1.1, og det bør vere svært tungtvegande, samfunnsnyttige grunnar (ikkje utelukkande økonomiske) for å tillate inngrep som gjer at desse områda blir reduserte i enno større grad enn i dag. Summen av alle naturinngrepa reduserer stadig arealet av inngrepsfri natur, som igjen er grunnlaget for friluftslivet slik vi kjenner det i Norge.

På grunnlag av det ovannemnde meiner vi at det må gjerast ei revidert vurdering av kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv før ev. forlenga byggefrist. M.o.t. friluftslivet rår vi òg frå at inntaket flyttast oppstraums som omsøkt.

Vassmiljø og fisk

Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027 er vedteken sidan det vart gjeve konsesjon. Planen skildrar korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i regionen på lang sikt og i alle sektorar. Planen skal bidra til at vi når måla som følgjer av vassforskrifta. Det er viktig

at søkjar og energimynde er oppdaterte på planen og sørgjer for at tiltaka ikkje hindrar at vi når miljømåla i vassdraget.

Vi viser elles til statsforvaltaren sin uttale m.o.t. vassføring.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VOSS HERAD

Njøsavegen 2
Postboks 145

6863
5701

LEIKANGER
VOSS